

Til foreldra på 1.årstrinn.

Tida går fort og snart har de ein 1.klassing i huset. Nokre av dykk har hatt elevar her ved skulen i mange år, og for andre er det første gongen. Her kjem litt praktisk informasjon som kan vere nyttig for alle, men kanskje spesielt for "nye" foreldre.

1. skuledag.

Onsdag den 19. august kl.8.00 startar vi. Det er fint om ein av foreldra kan fylgje og vere i lag med oss den første timen. Elevane må ha med mat til skulemåltidet og skuledagen er slutt kl.12.15. Det blir delt ut timeplan denne dagen. Dersom elevane skal på SFO, må dei ha med ekstra mat. (Måltid ca. 13.30.)

Skuledagen

Skuledagen startar kl.8.00 kvar morgon. Når elevane kjem, kan dei vere på "sitt" klasserom til klokka ringer. Ein av lærerane går frå rom til rom og har tilsyn med elevane frå kl.7.50.

På måndag og tysdag er skuledagen slutt kl.13.00.

På onsdag er skuledagen slutt kl.12.15.

På torsdag og fredag er skuledagen slutt kl.12.30.

Henting og bringing

For å unngå farlege situasjonar ved henting og bringing av elevar med privatbil, må parkeringsplassen innom skulen nyttast og ikkje busslomma.

Mjølkk og frukt

Det er høve til å bestille mjølkk og frukt på skulen, der ein betaler ein gong i halvåret.

Utstyr som elevane treng

- Ransel og penalhus med gode fargeblyantar
- Lette innesko (merka med namn)
- Byteklede (merka med namn)
- Gymbag med gymsko, t-skjorte, shorts eller joggebukse. Denne må vere på plass til gymtimane. (Vi dusjar ikkje i 1.klasse)
- Tursekk. På utedagar må elevane ha med ferdig pakka tursekk med sitjeunderlag, mat og eventuelt drikke, viss dei vil ha noko anna enn skulemjølkk.

SFO

Beskjedar til SFO må vere skriftlege (lappar), eller munnlege (ev. telefon) frå foreldra. Munnlege beskjedar frå borna er ikkje nok.

Skulle det vere andre ting de lurar på så er det berre å ta kontakt med skulen.

Elles vil vi oppfordre dykk om å gå inn på heimesida vår:

<http://gs.haram.kommune.no/s19/> og sjå på bilete og gjere dykk litt kjend med skulen.

Meir informasjon kjem ved skulestart (bl.a. info-skriv, aktivitetsplan og timeplan)

M.v.h.

Rektor/ lærarar småskuletrinnet
ved Flem skule